

Fjell kyrkje- blad

Nr. 3/21
INFORMASJON
Fjell, Foldnes og Landro sokn



TWEENSKLUBBEN

Glimt frå dei litt annleis samlingane
til tweensklubben i Fjell
s. 11

KONFIRMANTAR 2021

Sjå oversikten på konfirmantane
som vert konfirmerte til hausten
s. 8

VARM MAT PÅ DØRA

Øygarden kommune kartlegg om
eldre heimebuande ønskjer å få
levert varm mat heim s. 4

Kyrkjeblad for Fjell, Foldnes og Landro sokn. Det kjem ut 5 gongar i året og kostar kr 200,- pr. år. For utanbygds: kr 250,-.


Utgjevar: Øygarden kyrkjelege fellestråd

Ansvarleg redaktør: Annlaug Børve

Redaktør og grafisk utforming:
Yngvild Mørner Sørheim

Framsidedeilete: Tweensklubben i Fjell har samling på Skogtun camping
Foto: Søgne Lillevik Nilsen

Trykk: Bodoni AS

 Miljømerket trykksak 2041 0699

Bankgiro

Fjell kyrkjeblad: 1503.84.37590

Innleveringsfrist for annonsar, artiklar og kunngjeringar til neste nummer av Fjell kyrkjeblad: **31. august**

 **DEN NORSKE KYRKJA**
Øygarden kyrkjelege fellestråd

Kontaktinformasjon

Adresse: Øygarden kyrkjekontor,
Tytebærbrekko 2, 5353 Straume

Vi har kontor i andre etasje i Temahuset.

Telefon: 400 03 316

Ekspedisjonstid alle kvardagar: 10.00–14.00

E-post: post.oygarden@kyrkja.no

Nettsider: www.kyrkja.no/oygarden
www.kyrkja.no/t-dagen

Bankkonto Øygarden kyrkjelege fellestråd:
1506.35.46523

Leiar

Kjære lesar

Mai har vorte pilegrimsmånad i Øygarden. Med forskriftsmessig avstand og stor glede over å vere saman gjekk vi som er tilsett i kyrkja i byrjinga av månaden den fine Kyrkjevegen frå Hjelteryggen til Foldnes kyrkje. Undervegs stansa vi opp og reflekterte rundt ulike tekstar, som har fått ein varig plass på skilt langs vegen. Skilta var Øygarden kommune si jubileumsgåve til Foldnes kyrkje sitt 20-årsjubileum. Vi takkar kommunen for ei flott gåve, som stimulerer til ettertanke langs Kyrkjevegen.

I pinsen har det vore pilegrims- vandringer både heilt i sør til Sund kyrkje, og heilt nord til gamle Hjelme kyrkje. Og om få dagar vert det, som du kan lese om i dette bladet, også pilegrimsvandring til Fjell kyrkje. Pilegrimsvandringane inviterer både til ei ytre og ei indre reise, og er eit bilete på livsvandringa som har himmelen som sitt endelege mål.

Annlaug Børve

Ansvarleg redaktør



Meininga er at vi skal hjelpe kvarandre på vegen. I eit pilegrimsbrev eg ein gong fekk av sokneprest Terje Aannerød, som har gått foran oss og lagt ned gode merkesteinar til livsvandringa står det: «Me ber alle gode menneske om å hjelpe og styrke pilegrimen på ferda si. Gud skal løne dykk.»

Brevet kan og vera ei helsing til deg. Tenk på naboen din, kollegaen din, eit familiemedlem eller ein ven som ein pilegrim, som du skal hjelpe livsvegen. Så har vi andre i oppgave å hjelpe deg på di vandring. Om vi alle er gode medvandrarar, vert ingen gåande åleine eller utan støtte gjennom livet.

God vandring! Eg håpar vi treffast undervegs.

**Pilegrimsbøn:
Vis du oss vegen,
og gje oss vilje til å gå den.**



Innhald

ØNSKJER DU VARM MAT PÅ DØRA?.....	4-5
GRAVPLASSFORVALTINGA	6
17. MAI FRÅ FJELL KYRKJE	7
ÅRETS KONFIRMANTAR.....	8-9
KYSTPILEGRIMSVANDRING I PINSA	10
GLIMT FRÅ TWEENSKLUBBEN	11
PILEGRIMSVANDRING I NABOLAGET	12
KONFIRMANT 2022?	13
MINIKONSERTAR I FJELL KYRKJE	14
INNSTIKK: FJELL KYRKJE HAUSTPROGRAM.....	15-16
T-DAGEN	17-19
GUDSTENESTEOVERSIKT	20

Saman

I skrivande stund nærmar det seg 1. pinsedag. Det var dagen disiplane fekk del i krafta ved Den Heilage Ande. Denne dagen fekk dei mot til å fortelje kva dei hadde opplevd saman med Jesus, og kyrkja vart grunnlagt i Jerusalem. Same dagen blir 3000 menneske døypt i følgje Apostelgjerningane. Det er starten på ei rørsle som vi er ein del av. Det siste året har fellesskapet blitt prøvd. Trua er noko ein har blitt ståande meir åleine med enn tidlegare. Så for eigen del, så ventar eg på nye tider.

Bibelen fortel om menneske som har måtta vente i mange samanhengar. Tenk på Israelfolket som var slavar i Egypt i 400 år. Då dei tilslett rømde frå Egypt vart dei vandrande i ørkenen i 40 år. Seinare fortel Bibelen om fangenskapet i Babylon som varte i 70 år. Å vere ein del av Guds folk, er altså ikkje eit løfte om at livet skal vere så enkelt, eller at vi skal sjå alt. Men det er eit løfte om å ikkje bli forlatt.

I Markusevangeliet kapittel 9 høyrer vi at Jesus tok med seg Peter Jakob og Johannes opp på Forklaringsberget. Der fekk dei sjå han som Guds Son. Det var eit utruleg syn. Men det var berre 3 av 12 disipler som fekk vere med opp dit.

Fleire menneske kan fortelje om sterke erfaringar med det heilage. Åndelige opplevingar dei ikkje kan forklare. Dette kan vere erfaringar som har vore heilt uventa. Men langt frå alle har slike erfaringar å vise til.

Det var berre 3 av 12 læresveinar som Jesus tok med opp på fjellet. Dei andre var igjen nede i dalen. Eg trur det må ha vore rart for dei å høyre om det Jesus viste dei. Trengte ikkje alle å få sjå det Jesus viste dei?

Likevel stod dei saman, og på pinse- dagen fekk alle del i Anden. Inne i Landro kyrkje kan du neppe unngå å få auge på steinveggen framme i kyrkja. Den er inspirert av bibelordet frå 1. Pet 5, der det står at vi skal

vere levande steinar. Å vere ein del av kyrkja er ikkje ei intellektuell øving, eller ei stor oppleving. Det er ikkje først og fremst ei overtving. Det er eit tillitsforhold til Gud, og eit fellesskap.

Kva livet bringer framover veit ingen. Store opplevingar kan utebli. Gud er kjent, men samtidig ein vi aldri kan forstå djupene i. Men når våren kjem, kan vi sjå det som ei påminning om Guds skaparkraft. Krokusen har blomstra, og no blømer også epletrea i hagen. I likningane i Bibelen kviler det ein ro over veksten i Himmelriket. Det er som ein surdeig, eller eit sennepsfrø. Himmelriket ekspanderer ikkje som eit imperium. Veksten skjer heller ikkje som ein stor demonstrasjon, men som eit frø som stille og enkelt vert lagt i jorda. Å tru på Gud er ikkje som eit utvokst tre for nokon. Alle skal vi vekse, for kreftene kjem frå Gud sjølv. Det er vanskeleg å måle ein direkte effekt av gudstrua. Men det bringer himmelriket inn i våre liv.

Bjarte Nese

Sokneprest i Landro kyrkje



Kristen tru?

Er du nysgjerrig på kristen tru? Vil du vite meir?

Trusopplæringskurs for vaksne. Gjennom foredrag og samtalar utforskar vi sentrale tema i kristendommen. 6 kveldar denne hausten.
Oppstart 9. september i Landro kyrkje kl. 19.00.

Du kan melde deg på til sokneprest i Landro kyrkje, Bjarte Nese (e-post: bn445@kyrkja.no), eller berre komme. Meir informasjon kjem.

Velkomen!

Ønskjer du varm mat på døra?

Øygarden kommune kartlegg om eldre heimebuande ønskjer å få levert varm mat heim og om dei ønskjer å delta i felles middagssamling.

TEKST OG FOTO: VIGLEIK BREKKE, ØYGARDEN KOMMUNE



Berit Anita Larsen i eldrerådet ønskjer at mange svarar på spørsmåla knytt til levering av varm mat heim.



Spørjeundersøkinga ligg på heimesida til Øygarden kommune under «Helse, omsorg og velferd», www.oygarden.kommune.no/mat

- Ei undersøking kan gje oss svar på kor stort behovet er, seier Berit Anita Knudtsen Larsen i eldrerådet.

Larsen er også leiar i arbeidsgruppa Mat til eldre som bur heime. Øygarden kommune er med i kvalitetsreforma *Leve heile livet* der målet er at alle eldre skal få betre hjelp og støtte til å meistra livet og få ein trygg, aktiv og verdig alderdom. Dette kan hjelpa til at dei som ønskjer det, kan bu lengre i eigen bustad.

I dette arbeidet er det viktig at mat og måltid får like høg prioritet og status som anna hjelp i heimen. Det vert gjerne sagt at mat er medisin, mat er omsorg og mat er livskvalitet.

Målet er å skapa gode måltidsopplevingar og redusera underernæring. Eldre skal få næringsrik mat som både ser godt ut, luktar godt og smakar godt. Det er viktig at folk får høve til å velja kva dei vil eta, kva tid dei vil ha måltidet og om dei vil ha måltidsfellesskap med andre.

Berit Anita Knudtsen Larsen er den i eldrerådet som særleg følgjer opp arbeidet med kvalitetsreforma *Leve heile livet*.

- Eldrerådet har i lang tid drøfta om det kan la seg gjera å få til ei ordning med levering av varm mat til eldre heimebuande. Dersom vi skal leggja til rette for eit slikt tilbod, må vi ha dokumentert behovet, seier Knudtsen Larsen som reknar med at prisen pr. måltid vil liggja på mellom 120 til 180 kroner.

Auka livskvalitet

I spørjeundersøkinga vert det også stilt spørsmål om kva tidspunkt dei eldre kan tenkja seg levert varm middag og kva dagar i veka ein ønskjer å få levert maten. Dersom det viser seg å vera eit behov, vert det arbeidd fram løysingar saman med ulike aktørar i næringslivet, vidaregåande skular og frivillig sektor om tilbod på distribusjon av varm middag. Det vert lagt opp til fellesmåltid ein dag i veka.

- Har du sjølv tenkt å nytta deg av eit slikt tilbod?

- Eg likar framleis å laga maten sjølv. Men den dagen kan koma då eg vil oppleve at eit slikt tilbod vil auka livskvaliteten. Eg trur at det er fleire som kan tenkja seg å få levert varm mat på døra og dermed bruka tida på andre ting enn å laga mat. Mellom

anna trur eg at ein del menn som bur åleine, kan tenkja seg dette, seier Berit Anita Knudtsen Larsen som er optimistisk og trur at mellom 50 og 100 personar i Øygarden ønskjer dette tilbodet.

Målet med kvalitetsreforma *Leve heile livet* er mellom anna å sikra at eldre som bur heime skal ha lett tilgang på næringsrike måltid og at dette kan bidra til auka trivsel i kvardagen.

Det tek kort tid å svara på spørsmåla i kartlegginga. Spørjeundersøkinga ligg på heimesida til Øygarden kommune under «Helse, omsorg og velferd», www.oygarden.kommune.no/mat

Spørjeskjemaet er tilgjengeleg i trykt utgåve på innbyggjartorga på Rong, i Skogsskiftet og på Straume. Svarfrist er 25. juni.

Spørsmål om kvalitetsreforma og spørjeundersøkinga kan rettast til Berit Anita Knudtsen Larsen på telefon 951 67 692.

Ofte stilte spørsmål til gravplassforvaltninga

Øygarden kyrkjelege fellesråd er gravplassmynde i kommunen, og forvaltar gravplassverksemda i samsvar med lov og forskrift. Under følgjer svar på nokre spørsmål som ofte vert stilt gravplassforvaltninga:

TEKST OG FOTO: ANNLAUG BØRVE, KYRKJEVERJE



festeavgifta ikkje vert betalt vil grava til slutt verte sletta, med førehandsvarsling.

Kvifor ligg det mange velta gravsteinar på gravplassane?

Gravsteinar kjem ofte ut av stilling eller veltar som følgje av telehiv, dårleg fundament eller dårleg montering. Steinleverandørane gjev ofte garanti på steinen, men når denne går ut er det den ansvarlege for grava (altså dei pårørande) sitt ansvar å sjå til at steinen vert ståande.

Dersom ein er ansvarleg for ei grav der steinen har komen ut av stilling eller velta, må ein snarast råd sørgje for å få steinen på plass igjen. Dette kan ein til dømes gjere ved å ta kontakt med steinleverandør, som kan gjere jobben mot betaling.

Steinar som er til fare for besøkande på gravplassen kan verte lagt ned av dei tilsette på gravplassen.

Kvar finn eg informasjon om gravplassforvaltninga i Øygarden?

Meir detaljert informasjon og gravplassvedtektene finn ein på vår nettside:

www.kyrkja.no/oygarden/gravferd

Må innbyggjarar i kommunen betale for grav?

Dersom den som skal gravleggast hadde bustadadresse i Øygarden, utløyser dette rett til fri grav i ein periode på 20 år, under føresetnad av at ein nyttar tilvist grav. Det vil seie at det er eit vilkår at ein tek imot den grava som følgjer av gjeldande gravleggingsplan for den enkelte gravplassen.

Dersom ein ønskjer å halde av ei grav ved sida av frigrava, vert dette ei festegrav som må ein betale avgift av frå første dag. Ei slik grav vert verande ei festegrav også når grava vert teken i bruk, sjølv om den som

vert gravlagt hadde bustadadresse i Øygarden.

Kva om ein ønskjer å bruke opp att ei gammal grav?

Dersom ein ønskjer å bruke opp att ei gammal grav, er det ikkje lenger ei grav som er tilvist frå gravferdsmynda som vert teken i bruk. Grava er då ei festegrav, som det skal betalast festeavgift for.

Kor ofte betaler ein festeavgift?

Fakturering skjer i 5-årsbolkar og går automatisk. Festar treng difor ikkje kontakte kyrkjeleg fellesråd når det gjeld fornying av feste. Ubetalt faktura vert purra. Dersom

Fellesrådet på synfaring



Frå venstre, fellesrådsmedlemer: Arvid Nese frå Fjell sokn, Hege Misje frå Øygarden kommune, Gisle Kårbø Rong frå Hjelme og Blomvåg sokn, Jan Tveit frå Sund sokn, Dag-Olav Bjørøy – fellesrådsleiar og frå Landro sokn. Tilsette: Norvald Snekkevik – seksjonsleiar kyrkjer og gravplassar, Tostein Vassnes – kyrkjegardsarbeidar og Annlaug Børve – kyrkjeverje. Foto: Arne Opheim – fagarbeidar kyrkjebygg. Ikkje med på bilete: prost Jan Tommy Fosse og Per Helge Refvik frå Foldnes sokn.

Etter fleire utsetjingar på grunn av koronasituasjonen, fekk medlemene i fellesrådet den første av to synfaringsdagar i kyrkjene og på gravplassane i fellesrådsområdet den 11. mai. I Øygarden er det 8 kyrkjer og 17 gravplassar. Tilstandsanalyser som vart utarbeidd i løpet av våren viser at det er stor forskjell på vedlikehaldsbehovet i dei ulike kyrkjene. På Kausland kyrkje vert eit stort arbeid som omfattar tak, vindauge og maling sett i gang i løpet av forsommaren. Ein tilstandsrapport frå Fjell kyrkje viser at taket også her må utbetrast i løpet av kort tid. Laus takstein er midlertidig sikra, og området langs kyrkja er inntil vidare delvis sperra av. Fjell kyrkje vart bygd i 1874, og har 150-årsjubileum om tre år.

17. mai

Ordføraren i Øygarden, Tom Georg Indrevik, var med og las bibelteksta for dagen under gudstenesta i Fjell kyrkje på 17. mai.

Etter gudstenesta var ordføraren med på kransnedlegging ved minnestøtta ved kyrkja. Under talen siterte han frå ei pins han hadde fått frå Norsk Veteranforening: "Alle ga noe, noen ga alt". "Dette er en krans for de som ga alt" sa Indrevik medan han la ned kransen.

Det vart også lagt ned ein krans frå Fjell grendalag ved John Kjell Fjeld.



Tom Georg Indrevik las bibelteksta under gudstenesta. På bilete ser vi også Ingrid Torsvik og sokneprest Morten Torsvik.



Ordføraren og Egil Morland ved minnesmerket ved Fjell kyrkje. Tekst og foto: Yngvild Mørner Sørheim

Konfirmantar 2021

Med atterhald om endringar

Foldnes kyrkje

2. MAI

Daniel Rolland
Eirik Rolland

15. AUGUST KL. 12.30

Rami Benedikt Helander

28. AUGUST KL. 10.00

Henrikke Hamre
Leonard Lillebø Hauge
Julie Helle
Synne Liqiao Haugetun Hitsøy
Gabriel Innerdal
Sofie Finsås Kalleklev
Lea Kvamme
Stella Park Liland
Sondre Nordanger
Olivia Wergeland Refvik
Alexandra Storheim Sannarnes
Ludvik Storheim Sannarnes
Linnea Solsvik
Magnus Telle
Henriette Skjold Wiig

28. AUGUST KL. 12.00

Mathea Andresen
Tobias Lund Birkeland
Iva Larsen Erstad
Nora Fjæreide Fyllingen
Maja Tho Hartvigsen
Arthur Havnen
Kristiane Birkeland Kleppe
Julie Landro
Thomas Eeg Lilletvedt
Filip Klubben Lindgren
Sander Andreassen Misje
Kamilla Sundal Olsen
Kristoffer Sundal Olsen
Lynne Felicien Otterlei Raemy
Thea Rossgård Seter
Tora Svennevik

28. AUGUST KL. 14.00

Viljar Mjømen Aune
Brede Børtvedt
Mathias Risholm Davanger
Vilde Falck Eikemo
Tobias Solli Gjerstad
Mia Skjeldal Hagen
Oskar-Andrè Heggelund
Isabel Victoria Henriksen
Casper Myhr Kristiansen
Lars Samland Lange
Lars Kristian Lie Osa
Odin Sandøy Pedersen
Sebastian Rosnes
William Svensholt
Ella Birgitte Teigen

29. AUGUST KL. 10.00

Mathias Riise Andreassen
Magnus Bergfjord Bendiksen
Tara Lien Bøe
Troy Lien Bøe
Martine Hetland Eikrem
Loke Folkestad
Nora Rasmussen Herland
Gabriel Cleveland Hernández
Hannah Vonheim Olaisen
Celine Pedersen
Kimberly Ellingsen Pedersen
Daniela Aquino Pettersen
Markus Sundal Stigen
Malena Søderstrøm-Buanes

29. AUGUST KL. 12.00

Linea Alexandra Andresen
Simen Johan Dahl
Pernille Kjosås Dahle
Malin Bruvik Kristoffersen
Amalie Kristiansen Larsen
Ruben Rafael Lopes Mota
Natalie Neteland
Linnea Hiorth Norheim
Kaja Karoline Engeseth Oddekalv
Mikael Jensen Olafsen
Noah Frøyseth Sandtorv
Jonas Løvik Skage
Oda Marie Slettebakken
Sverre Sværen

29. AUGUST KL. 14.00

Fillip Bland Berger
Kristian Breivik
Theodor Norevik Brekke
Ingrid Fiksen
Maren Vaage Handegård
Andreas Høisæther
Fredrik Espedal Jensen
Amadeus Langhelle
Martin Hansen Lervåg
Nathalie Madelen Nilsen
Sander Johansen Stordal
Leander Isaksen Televik
Benjamin Ørn Tufto Toft

4. SEPTEMBER KL. 10.00

Sarah Marøy Algrøy
Aleksander Fure Baumann
Ingrid Birgitte Ekerhovd
Solveig Fjell
Ingeborg Kaurin Haukenes
Maya Myksvoll
Jonas Lie Nordvik
Ine Hauge Persson
Andreas Sande
Anniken Schutz
Bendik Clausen Stokkereit
Gina Elise Clausen Stokkereit
Jakob Gavlen Søråa

4. SEPTEMBER KL. 12.00

Amanda Gilberg Bjærum
Noah Bygstad-Fejerskov
Ida Marie Christiansen Espeland
Oline Aurora Fjell
Johanna Fuglebakk
Madeleine Melsbø Hansen
Jonas Sæterlid Hella
Sander Øvrebø Holmelid
Markus Snekkevik Johansen
Lucas André Nordvik Merkesdal
Tom Nedregotten
Kasper Vågheim Opsahl
Kelly Pettersen
Julian Mikkelsen Vallestad

Fjell kyrkje

11. SEPTEMBER KL. 10.00

Alvilde Algrøy
Ingrid Hammersland Blom
Thea Danielsen
Benjamin Thomas Edgren
Kato Ekren
Rebekka Fosse
Oliver Galteland
Benjamin Valhammer Knudsen
Sondre Valhammer Knudsen
Mathias Frosthammer Liljegren
Leonora Helle Moen
Emma Celine Morland
Madeleine Andersen Sogge
Thea Annie Woldseth
Karoline Wolff

11. SEPTEMBER KL. 12.00

Madelene Bøe Askeland
Maia Gram
Andreas Hansen
Laurits Høyland
Elise Knappskog
Iben Elias Altman Lie
Mia Lillebø
Emanuel Mengistu Mandefro
Knut Midttun
Jan Marco Pettersen

Robert Søylen Rem
Leander Arefjord Rotherford
Olav Santacruz
Ruben Haga Sulen
Paal Venge

11. SEPTEMBER KL. 14.00

Leon Austefjord
Elias Jenssen Byrkje
Konstance Dypevik
Emma Havås-Strømme
Antine-Aileé Skiftesvik Herland
Linnea Marie Hufthammer
Dennis Kristiansen
Julian Kristiansen
Isabella Nilsen
Emil Aleksander Årnes Olsen
Henriette Ona
Tilie Seljeseth
Oline Kobbeltvedt Skauge
Leona Forland Telle

12. SEPTEMBER KL. 10.00

Mia Carina Bergtun
Cristiano Manuel Tela Fauske
Anette Heie
Stine Jeanett Johansen
Isak André Fjell Larsen
Rebekka Mortensen
Brage Gudim Sjøvold
Malene Schei Sletten
Martin Andreas Lokøy Sørensen

Marte Pernille Tveten
Malene Kleppe Ulveseth
Lucas Ystebø-Ellingsen

12. SEPTEMBER KL. 12.00

Tobias Østerbø Alvheim
Sivert Hansen Andersen
Birk Eraker
Selina Tellnes Halvorsen
Oliver Lauvik-Rossnes
Erica Kristin Schjørn Ludvigsen
Amanda Normann
Camilla Sekkingstad
Karen-Elisabeth Pedersen Skålevik
Hanna Storetvedt
Martina Turøy
Irene Eriksen Aadland

12. SEPTEMBER KL. 14.00

Marte Fjell Brommeland
Eivind A Taule Egeland
Emma Halvorsen
Daniel Ophus Jakobsen
Sofie Ramstad Langseth
Marie Lundmark
Julie Helene Mjøs Nordvik
Daniel Øpstad Peers
Mathilde Stensrud
Weronika Jadwiga Tomasiak
Julian Brettvik Wisnes
Konrad Antonio Strand Ørn

Landro kyrkje

4. SEPTEMBER KL. 10.00

Joachim Misje Akselberg
Emma Arefjord
Katrine Fjæreide
Steffen Georg Jourdan Gjertsen
Tore Jepsen-Hoem
Sara Marie Kartfjord
Håkon Langeland
Martin Monsen
Emilie Stigen
Adrian Langeland Tellnes
Eivind Økland
Oskar Elias Ågotnes

4. SEPTEMBER KL. 12.00

Thea Eriksen Austheim
Bima Kamaran Aziz
Malin Flugum Brekke
Arne Brøske
Henriette Kaland Eide

Mathias Fjellhaug
Thea Misje Lien
Tuva Viken Misje
Emil Aa Nystog
Alice Ingrid Elisabet Rydståle-Abels
Synnøve Solheim
Fiona Aurora Solsvik
Herman Vethe

4. SEPTEMBER KL. 14.00

Frida Angeltveit
Mari Greni Askeland
Susanne Thorsen Berg
Sebastian Rosenvinge Evensen
Nathalie Hellesund Holmebukt
Julie Ulvenes Kleppe
Hedda Stakkestad Kvinge
Eivind Kårtveit
Emma Emilie Thorkildsen Mehl
Joachim Skjold Skålevik
Julie Nordtveit Sleire
Kristoffer Tvedt

5. SEPTEMBER KL. 10.00

Erica Alicia Eide
Lily Amalie Garlid
Kim Hagelin
Nathaniel Andre Haugsdal
Elisabeth Breistein Leganger
Liva Paula Maurins
Belinda Lyngstad Olsen
Tuva Sørheim Sekkingstad
Mathilde Louise Tønder

5. SEPTEMBER KL. 12.00

Synnøve Angeltveit
Linnea Bjørøy
Caiden Garlid
Jonathan Thongprik Grønvold
Ørjan Hassel
Patrich Haugetun
Christina Howlett
Mari Mollandsøy Nilsen
Marcus André Solsvik-Bute
Amalie Telle

Kystpilegrim i pinsa

Dei seinare åra har det blitt stor interesse for kysten (den eigentlege Riksveg 1!) som pilegrimsveg til Nidaros. Det var vel på mange måtar lettare, både for sjuke og folk flest, å ta seg fram der, enn det var å slita seg opp dalane i innlandet.

TEKST: EGIL MORLAND
FOTO: YNGVILD MØRNER SØRHEIM

No går kyrkja saman med bispedøme-kontoret og pilegrimssenteret i Bergen, Sotra Øygarden turlag og kommunen ved kulturkontoret, saman om å arrangera pilegrimsturar denne våren. Det er etablert komitear i tre av kyrkjelydane. I Sund vert det skipa til tur pinsedag, i Hjelme 2. pinsedag og i Fjell søndagen etter pinse, 30. mai.

Her kjem litt meir om den siste av desse:

Pilegrimsturen i Fjell går frå Morland kl. 10 til Fjell kyrkje, og vert avslutta med ei gudsteneste der (om lag kl. 12).

Den vil framheva noko av det vi har vore med på denne dagen: Kunnskap om farne tiders bruk av kyrkjevegane og små historier knytte til desse. Kvifor vart dei kalla kyrkjevegar? Undervegs på vandringa, som vil vara om lag 1 ½ time, vil vi også gjera nokre stogg og knyta sentrale deler av ei vanleg gudsteneste til elementa vi har i naturen, og bli minna om kor avhengig vi er av dei.



Pilegrimsturane vil altså understreka begge retningane vi ser i krossen: Oppover til Gud, hans skaparkraft og miskunn, og utover til natur og medmenneske, og vår plass og vårt ansvar i skaparverket.

Vi samlast ved rundkøyringa på Morland, og går i samla flokk til merket for Nordsjøløyppa ved starten på vegen gjennom utmarka. Samarbeid gjerne fleire

om å køyra i lag; det er smått med parkeringsplassar!

Målet er at pilegrimsvandringane skal bli ein årleg tradisjon. Kystpilegrimsturane vil dessutan koma inn som eigne turar på kommunen si nettside «Opplev Øygarden».

Kyrkjevegane er opne for alle. Vel møtt til ein annleis tur i det fri!

Glimt frå Tweens

Tweens (5.-7. klasse) har vore mykje ute i år. Ein god gjeng har akt, leika og grilla annakvar fredag på Skogtun camping. Spesielt populært var "Capture the flag" kor leidarane også fekk trimma taktikk og lattermuskler. Me håpar på fleire gode treff til hausten i Fjell kyrkje.



Tekst og foto: Søgne Lillevik Nilsen

Pilegrimsvandring i nabolaget

Kyrkjevegen mellom Hjelteryggen og Foldnes kyrkje er ei mykje brukt tursti. Nokon har pulsklokke og joggesko, medan andre ruslar av garde. Nokon er på sykkelstur, medan andre et lunsjen i det fri.

TEKST: MARIA TVETEN
FOTO: KNUT KALDESTAD



Dette året feirar vi at Foldnes kyrkje er 20 år. Ei av jubileumsmarkeringane kjem til å vere ei pilegrimsvandring frå Hjelteryggen til kyrkja vår.

Pilegrimsturar er i vinden. Fleire seier at å vere pilegrim har mange dimensjonar. Det er ei ytre vandring. Det handlar om min kropp, mine føter, mine sansar og om skaparverket ikring meg. Når ein går dei gamle pilegrimsledene som finst rundt ikring i verda, går ein i fotspora til mange menneske før ein. Ei pilegrimsvandring blir beskrive som ei indre vandring. Ei vandring som handlar om meg og mitt liv. Mi livshistorie og alt som har forma meg og gjort meg til den eg er. Livet her og no. Mine vegval for livet framover og mine mål i livet. Skaparverket og dei ulike stoppa langs pilegrimsvegen hjelper oss til å ta Gud med på og i vandra.

Fleire pilegrimsturar tek mange dagar. Turen mellom Hjelteryggen og Foldnes kyrkje tek om lag ein halv time. Ein kan rekke å tenkje mange gode tankar på ein halv time. For nokon er det å gå ein måte å kople av. Ein pilegrimstur er på mange måtar det omvendte. Ein koplar seg på. Ein har tid til å tenkje og reflektere.

I samband med jubileet har kommunen gitt Foldnes kyrkje ei jubileumsgåve. Det er og ei gåve til alle som går Kyrkjevegen. Det er kome opp nokre skilt som gjev mat til ettertanken. Teksten på dei fem skilta er det Knut og Anne L. Kaldestad som har tenkt seg fram til. Det fyrste skiltet finn du på nedsida av den fyrste bakken frå Hjelteryggen: «Vis du oss vegen, og gje oss vilje til å gå den» (Birgitta av Vadstena) og ved

gravplassen, før vi kjem til Foldnes kyrkje, står det femte og siste skiltet som er henta frå salme 90: «Lær oss å telje våre dagar, så vi kan få visdom i hjarta».

Foldnes kyrkjelyd vil med dette takka kommunen hjarteleg for gåva til 20-års jubileet. Vi håpar den vil bli til ettertanke og glede for mange menneske.

Medan vi venter på å arrangere pilegrimstur, som vert leia av Knut og Anne Kaldestad, så kan du gå turen sjølv og kople deg på under den høge himmelen. Følg elles med på nettsida og sosiale media om når det vert pilegrimsvandring langs Kyrkjevegen.

God vandring!



Konfirmant i 2022?

Påmelding innan 20. juni
www.kyrkja.no/fjell/konfirmant

Fjell kyrkje

Laurdag 14. mai:
Ulveset, Skålevik og Tellnes

Søndag 15. mai:
Kolltveit og Knappskog

Foldnes kyrkje

Laurdag 30. april:
Brattholmen og Liljevatnet

Laurdag 7. mai:
Bjørøy og Hjelteryggen

Søndag 8. mai:
Foldnes

Landro kyrkje

Laurdag 7. mai:
Landro og Misje

Søndag 8. mai:
Ågotnes og Spjeld



Minikonsertar i Fjell kyrkje

I april har vi starta ein serie med korte konsertar i Fjell kyrkje. Under konsertane skal vi kople saman musikk, kunst, litteratur og historie.

TEKST OG FOTO: MALGORZATA ANNA TVEIT



Føremålet med desse konsertane er at vi vil presentere våre lokale kunstnarar og gjere folk kjente med lokal historie. Vi vil invitere unge musikarar frå Øygarden til å delta på konsertane.

**Det vert konsert ein onsdag i månaden
frå klokka 19.00 til 19.40.**

Første konsert i denne serien hadde vi 28. april. Då hørde vi på orgel- og tverrfløytemusikk. Vi fekk også høyre om historia til Fjell kyrkje medan vi såg ei framvisning av måleri av Fjell kyrkje laga av Ingjerd Hauge Johansen og bilete frå Fjell kyrkje. Vi fekk også med oss diktlesing ved Ingalis Malmo som las dikt av Jakob Sande.

Fleire konsertar i serien til hausten:

**18. august
15. september
27. oktober
24. november**

Vel møtt!

Minikonsertar i Fjell kyrkje

Onsdag 26. mai kl. 19.00

Ingebjørg Kaalaas på trompet

Malgorzata Anna Tveit på orgel

**Framvisning av måleri laga av Ingalis Malmo
og Bente Garman.**

Onsdag 23. juni kl. 19.00

Malgorzata Anna Tveit på orgel

**Tema: Kristendommens historie i Norge
ved Egil Morland**

Framvisning av bilete

DEN NORSKE KYRKJA
Øygarden kyrkjelege fellesråd

Sommar- konsert

**Med Sotra Reviderte og
Fjell kyrkjebrass**

Torsdag 10. juni
kl. 19.00
Fjell kyrkje

DEN NORSKE KYRKJA
Øygarden kyrkjelege fellesråd

Fjell kyrkje




hausten 2021





Kjære deg som har Fjell kyrkje som di kyrkje. Med denne oversikta ønskjer vi å informera om kva som skjer i kyrkja vår. Også denne hausten kan nok ulike koronatiltak føra til endringar i planlagde arrangement og arbeid. Klipp ut og heng på oppslagstavla heime!


GUDSTENESTER

Gudstenestene er storfellesskapen i kyrkjelyden.
Til vanleg startar gudstenestene kl. 11.00.



- 11.07 Gudsteneste med nattverd
- 01.08 Gudsteneste med dåp og nattverd
- 22.08 Familiegudsteneste – Oppstart av haustsemesteret – Dåp
- 29.08 Gudsteneste med nattverd
- 04.09 Dåpsgudsteneste
- 05.09 Familiegudsteneste med dåp – T4-dag
- 11.09 Konfirmasjonsgudsteneste kl 10, 12 og 14
- 12.09 Konfirmasjonsgudsteneste kl 10, 12 og 14
- 19.09 Gudsteneste med dåp 
Presentasjon av konfirmantar

- 26.09 Gudsteneste med dåp 
Presentasjon av konfirmantar
- 03.10 Gudsteneste med nattverd
- 10.10 Gudsteneste - Konfirmantjubileum
- 24.10 Familiegudsteneste - Hausttakkefest
- 31.10 Gudsteneste med nattverd
- 06.11 Gudsteneste med dåp
- 07.11 Gudsteneste med nattverd
- 14.11 Gudsteneste med dåp 
- 21.11 Gudsteneste med nattverd
- 28.11 Familiegudsteneste – T3-dag
- 05.12 Gudsteneste kl 11.00 Lysmesse kl. 18.00
- 12.12 Gudsteneste med dåp 
- 19.12 Vi syng jula inn kl 17.00
- 24.12 Familiegudsteneste kl. 14.30
- 24.12 Familiegudsteneste kl. 16.00
- 25.12 Høgtidsgudsteneste
- 31.12 Midnattsgudsteneste
- 02.01 Gudsteneste med dåp 

På søndagar med  er det søndagsskule dersom vi har lærarar og koronasituasjonen tillet det.

Søndagsskule

Det er tilpassa bibelforteljingar og aktivitetar under preika. Dei minste held til i kyrkjekjellaren, gjerne med ein kjend vaksen som følgje. Born i skulealderen samlast i gymnastikksalen i gamle Fjell skule.

KONTAKTAR

Ønskjer du å få vita noko om det som skjer i Fjell kyrkje? Kontakt gjerne:

Leiar i soknerådet: Jorunn Småbrekke Gjersvik
jorunn.gjersvik@bkkfiber.no tlf.: 902 88 949

Sokneprest: Morten Torsvik:
mt858@kyrkja.no tlf.: 909 37 169

Heimeside: www.kyrkja.no/oygarden

Dåp - Elektronisk innmelding:
www.kyrkja.no/oygarden - **Klikk på: Dåp**

FJELL SOKNERÅD

Leiar: Jorunn Småbrekke Gjersvik
Nestleiar: Eigil Nødtvedt
Fast medlem: Ragnhild Andersland, Arvid Nese, Helge Nilsen, Søgne Lillevik Nilsen
Varamedlem: Rachael Tufft, Gyri Ann Lie, Hildegunn Romarheim Heie, Anne Elisabeth Hornnes, Hans Kristian Hornnes
Prest og medlem i soknerådet: Morten Torsvik

KVA SKJER I KYRKJELYDEN ?

Konsertar

Det er egne konsertprogram for alle kyrkjene i Øygarden. Sjå meldingar i kyrkjeblada.

Gospelnight

Fredag den 10. september og Gospelfredag Spesial med Divisi 19. november kl. 20.

Onsdagsfelleskap

Onsdagane satsar vi på åndeleg påfyll i form av bibeltimar, tekstverkstad, sosialt fellesskap, minikonsertar, kveldsbøn eller berre open kyrkje på ettermiddagen. Sjå kunngjering i Vestnytt og www.kyrkja.no/oygarden

Dette veit vi:

Morgonbøn kvar onsdag frå 07.00 til 07.20 (presis). Vi startar onsdag 1. september.

Kveldsbøn

Tid til ro i Guds hus onsdagar kl. 20 – 21 den 22. september, 20. oktober, 17. november og open kyrkje 8. og 15. desember.

T-DAGANE I FJELL

T-dagane, eller trusopplæringsdagane omfattar alle opp til 18 år. Nokre T-dagar er i Fjell kyrkje. Før kvar T-dag blir det sendt T-helsing til alle døypte. Følg med i kyrkjebladet og på nettsida <http://www.t-dagen.no/> for tid og stad!

Barnekor

Tysdagar kl. 17.30 - 18.30 i oddetallsveker for barnegruppa frå 4 år til 4. klasse. Kontakt **Malene Mortensen tlf. 480 89 010** **Eivind Kausland Lie tlf. 408 85 692**

Tweensklubben

Fredagar i oddetallsveker i kyrkjelydssalen: Tweens for 5. til 7. klasse kl. 19 – 21. Tweens + for 8. klasse og oppover kl. 21 – 22. Mellom 20 og 80 tweensarar møtest i Fjell kyrkje. Då er dei klare for ein kveld der dei kan få vere saman med vener, spele spel, bruke dei kreative evnene sine i hobbykroken, spele ball i gymsalen, bli endå betre i bordtennis eller rett og slett vere med i band. Her kostar alt; pizza, brus, drops, saltstenger, popcorn og sjokoladar: 5 kroner! Kontakt **Søgnie Lillevik Nilsen tlf. 975 46 646**



Sotra Reviderte

Vokalensemblen over tysdagar kl. 19.00 til 21.30 Kontakt **Tor Amund Gjersvik tlf 908 62 603**

Fjell kyrkjebrass

Øving torsdag i oddetallsveker kl. 19.45 – 21.45 i Fjell kyrkje. Kontakt **Malgorzat Anna Tveit tlf. 951 84 429**

KRIK

Krik-Ulveset på Ulveset skule. For tidspunkt, kontakt **Maria Tveten tlf. 450 63 016** Familie-KRIK Bildøy i Bibelskulehallen. Kontakt **Leiv Arne Risa tlf. 922 60 018**

Misjonsprosjekt Thailand/Laos

Kyrkjelyden har lova økonomisk støtte på kr. 30.000 i året til prosjektet .

Øygarden KFUM-KFUK - Åpen barnehage

Gratis babysang (med omsorgsperson) mandag frå 12.30 - 14.00 i kyrkja. Alder 0 - 12 mnd. Kontakt **Anne-Stine B. Kallevik tlf. 464 20 467**

Informasjonsutvalet

Har du noko du vil informera andre om? Kontakt informasjonsutval@gmail.com eller tor.amund.gjersvik@bkkfiber.no tlf 90862603

VIL DU STØTTA ARBEIDET VÅRT?

Du kan bli med som frivillig og/eller støtta arbeidet vårt økonomisk.

Vil du vita meir om å vera frivillig i kyrkja? Vi har eit eige **frivilligutval** som koordinerer frivillige teneste i kyrkja vår.

Vi har **diakoniutval** som skal bidra til å fremje rettferd ved å utfordre til etisk tenking og handling, arbeide for berekraftig og rettferdig fordeling samt inkludere menneske som fell utanfor i kyrkjelyd og kommune.

Ta kontakt med ein i soknerådet for å formidle kontakt.

Vi tek imot gåver via Vipps #80304 med melding «Eige arbeid» eller via månadleg gjevarteneste. Blankett for gjevartenesta får du i kyrkja eller ved å ta kontakt med ein i soknerådet.

Du kan også melde deg til gjevartenesta via www.kyrkja.no/fjell/givarteneste

Lik oss på Facebook



<http://facebook.com/fjellkyrkje>

Faste aktivitetar i kyrkjene

Du er hjarteleg velkomen til samlingar og aktivitetar!

Foldnes kyrkje

Gudsteneste:	Dei fleste søndagar kl. 11.00.
Søndagsskule:	Under fleire gudstenester i semesteret. Blir annonsert. Kontakt: Elisabeth M. Jung tlf. 930 64 205
Bibel, bønn & lovsong:	Siste søndag kvar månad kl. 19.00. Kontakt: Ellen Ebbesvik tlf. 924 42 881
KM Kluzz:	Ca. ein tysdag i månaden kl. 16.30–18.30. Myldredag m. middag og aktivitet, for heile familien. Kontakt: Janne-Lin Fjeld Andersen tlf. 950 14 498
RAMP:	Annankvar tysdag kl. 19.30. Inspirerande temakvelder med husband og kaffi. Kontakt: Janne Mo tlf. 478 23 425
Foldnes barnespel:	Annankvar tysdag kl. 17.30–18.45. For barn i barneskulealder. Kontakt: Aasmund Brekke tlf. 995 63 706
Treff i Foldnes:	I kyrkjelydssalen første onsdag kvar månad kl. 11.30–14.00. Varm mat, undervisning og fellesskap. Kontakt: Ellen Ebbesvik tlf. 924 42 881
Lilleørdag:	For 5.–7. klasse, ein onsdag i månaden. Kontakt: Maria Tveten tlf. 450 63 016
Lukas Ten Sing:	Måndagar frå kl. 18.30. For deg som går i 8. klasse og oppover. Kontakt: Anne Ådland tlf. 953 63 630
Ungdomslørdag:	Frå kl. 19.00–22.30, for deg som går i 8. klasse og oppover. Kontakt: Maria A. Stokke tlf. 938 06 984
Mannsgruppa:	Ein torsdag i månaden. Temakvelder, turar og godt lag. Kontakt Geir Roald Viken, tlf. 922 63 531
Basargruppa:	Ein torsdag i månaden. Eit enkelt måltid og handarbeid. Kontakt: Toril Herdlevær Kvalheim tlf. 907 29 222

Fjell kyrkje

Gudsteneste:	Dei fleste søndagar kl. 11.00.
Søndagsskule:	Under fleire gudstenester i semesteret. Blir annonsert. Kontakt: Torun Svennevik tlf. 976 71 161
Kveldsbøn:	Cirka ein onsdag i månaden kl. 20.00. Tekstlesing, musikk og bøn. Kontakt: Anne Ludvigsen Kaldestad tlf. 971 42 176
Morgonbøn:	Kvar onsdag kl. 07.00-07.20. Kontakt: Morten Trosvik tlf. 909 37 169
Tweensklubben:	Annankvar fredag kl. 19.00–21.00. For deg som går i 5. klasse og oppover. Kontakt: Søgnie Lillevik Nilsen tlf. 975 46 646
Vokalensemblen Sotra reviderte:	For alle som vil syngje i a cappellakor, tysdagar kl. 19.00–21.30. Kontakt: Tor Amund Gjersvik tlf. 908 62 603
Fjell kyrkjebrass:	Om du spelar brassinstrument. Annankvar torsdag kl. 20.00–21.30. Kontakt: Anne-Grethe Sangolt Hagenes tlf. 452 19 710
Fjell barnekor:	Barnekoret øver annankvar tysdag (oddetallsveker) kl. 17.30–18.30. Kontakt: Eivind K. Lie tlf. 408 85 692

Landro kyrkje

Gudsteneste:	Dei fleste søndagar kl. 11.00.
Onsdagsmøte:	I kyrkjelydssalen kl. 19.30 kvar fjortande dag. Tale, lovsong og sosialt samvere. Kontakt: Dag-Olav Bjørøy tlf. 917 51 706
Taco-fredag:	Ein gong i månaden kl. 17.00–19.00 (Er no på koronavent) For heile familien. Kontakt: Bjarte Nese tlf. 915 32 437
Nordre Fjell Barnekor:	1.–4. klasse, kl. 17.30–18.25 kvar tysdag.
Tweenskor:	5.–8. klasse, kl. 18.35–19.30 kvar tysdag. Kontakt: Eline Olsen tlf. 906 05 332
Treff i Landro:	I kyrkjelydssalen siste onsdag i månaden kl. 11.30–14.00. Fellesskap med god mat, undervisning og song. Kontakt: Ellen Ebbesvik tlf. 924 42 881
Ungdomsklubb:	I kyrkjelydssalen nokre fredagar kl. 18.30–21.00. 8. klasse og oppover. Kontakt: Bjarte Nese tlf. 915 32 437

Velkommen på T-dagar til hausten!

Til hausten er det planlagt mange T-dagar:

- **Søndag 15. august: T7 Pilegrim**
- **Tysdag 17. august: T6 Skulestart (Fjell kyrkje)**
- **Onsdag 18. august: T6 Skulestart (Landro kyrkje)**
- **Torsdag 19. august: T6 Skulestart (Foldnes kyrkje)**
- **Søndag 5. september: T4 Kyrkjeboka (Fjell og Foldnes)**
- **Søndag 12. september: T4 Kyrkjeboka (Landro kyrkje)**
- **Torsdag 16. september: T14 Oppstart**
- **Fredag 24. september: T11 På sporet**
- **Fredag 1. oktober: T10 Tweens**
- **Fredag 5. november: T9 Tårnagent**
- **Helga 26.–28. november: T12 LysVaken**
- **Søndag 28. november: T3 Advent**

Hald av datoen, det vil kome meir utfyllande info om desse T-dagane etterkvart. Det er difor veldig viktig å følgje med på nettsidene våre: **www.kyrkja.no/t-dagen**

Vi er òg på **Facebook**, og der vil du finne oppdatert info når T-dagane nærmar seg.

T2 Påskevandring

Det vart utandørs påskevandring frå Foldnes kyrkje i retning Hjelteryggen, langs "Den nye kyrkjevegen".

Over 20 ulike kohortar var representerte, og både barn, foreldre, tanter, sysken, besteforeldre og oldeforeldre vandra seg gjennom påskeforteljninga saman.



T5 Den gode gjetaren

Gjennom dramatisering, undring, samtale og song vart femåringane og deira foreldre og besteforeldre betre kjende med likninga om «Den gode gjetaren». Alle fekk med seg sau, bok og hobbypakke då dei gjekk, slik at både undring og lek kan halde fram heime.



T13 Forsoning

Gjennom film, musikk, undervisning og undring lærte 13-åringane om venskap, forsoning og vanskelege val. Dei fekk også informasjon om ungdomsarbeidet i kyrkjene våre. Etterpå fekk dei prøve ulike aktivitetar, ute og inne. Nokre klatra høgt opp i kyrkjetårnet.



Fjell kyrkje



Dato	Kl.	Gudsteneste	Prest	Dåp/Nattverd	Takkoffer
Søndag 30. mai	12:00	Gudsteneste	Knut Kaldestad	Nattverd	Kirkens SOS
Søndag 6. juni	11:00	Gudsteneste	Morten Torsvik	Dåp	NLA Høgskulen
Søndag 13. juni	11:00	Gudsteneste	Knut Kaldestad	Nattverd	Thailand / Laos
Søndag 20. juni	11:00	Gudsteneste	Morten Torsvik	Dåp	Eige arbeid
Søndag 11. juli	11:00	Gudsteneste	Morten Torsvik	Nattverd	Eige arbeid
Søndag 1. august	11:00	Gudsteneste	Maria Tveten	Dåp og nattverd	Thailand/Laos
Søndag 22. august	11:00	Familiegudsteneste	Morten Torsvik		Eige arbeid
Søndag 29. august	11:00	Gudsteneste	Morten Torsvik	Nattverd	NMS (Det norske misjonselskap)
Søndag 5. september	11:00	Familiegudsteneste T4	Jan Tommy Fosse		Dåpsopplæringa i Fjell
Søndag 19. september	11:00	Gudsteneste	Morten Torsvik	Dåp	Eige arbeid
Søndag 26. september	11:00	Gudsteneste		Dåp	Thailand/Laos

Foldnes kyrkje



Dato	Kl.	Gudsteneste	Prest	Dåp/Nattverd	Takkoffer
Søndag 30. mai	11:00	Gudsteneste	Maria Tveten	Dåp og nattverd	Menneskeverd
Søndag 6. juni	11:00	Gudsteneste	Bjarte Nese	Dåp og nattverd	Tro og Medier
Søndag 13. juni	11:00	Gudsteneste og sommarfest	Maria Tveten	Nattverd	NLA høgskulen
Søndag 20. juni	11:00	Høgmesse	Maria Tveten	Dåp og nattverd	NMS Thailand/DNI - Jesu døtre
Søndag 4. juli	11:00	Gudsteneste	Morten Torsvik	Dåp	
Søndag 25. juli	11:00	Gudsteneste	Espen Sigve Tveten	Dåp og nattverd	
Søndag 15. august	11:00	Gudsteneste	Knut Kaldestad	Dåp og nattverd	Stefanusalliansen
Søndag 22. august	11:00	Opningsgudsteneste	Maria Tveten		NMS Thailand/DNI - Jesu døtre
Søndag 5. september	11:00	Familiegudsteneste T4	Maria Tveten		Søndagsskolen Norge
Søndag 12. september	11:00	Gudsteneste			Ungdom i oppdrag
Søndag 19. september	11:00	Gudsteneste	Maria Tveten	Dåp	NMS Thailand/DNI - Jesu døtre
Søndag 26. september	19:00	Kveldsgudsteneste	Knut Kaldestad		Alpha Norge

Landro kyrkje



Dato	Kl.	Gudsteneste	Prest	Dåp/Nattverd	Takkoffer
Søndag 30. mai	11:00	Gudsteneste	Bjarte Nese	Dåp og nattverd	Misjonsprosjekt m. NMS Thailand
Søndag 6. juni	11:00	Gudsteneste	Erling Kopperud	Dåp og nattverd	Åpne Dører
Søndag 13. juni	11:00	Gudsteneste og sommarfest	Bjarte Nese	Nattverd	Eige arbeid
Søndag 27. juni	11:00	Gudsteneste	Knut Kaldestad	Dåp og nattverd	Ope offer
Søndag 18. juli	11:00	Gudsteneste	Knut Kaldestad	Dåp og nattverd	
Søndag 8. august	11:00	Gudsteneste	Maria Tveten	Dåp og nattverd	
Søndag 22. august	11:00	Gudsteneste	Bjarte Nese		
Søndag 29. august	11:00	Gudsteneste	Knut Kaldestad		
Søndag 12. september	11:00	Familiegudsteneste T4	Bjarte Nese		
Søndag 19. september	11:00	Gudsteneste	Bjarte Nese		
Søndag 26. september	11:00	Gudsteneste	Maria Tveten		

Endringar kan komme, det kan bli påmelding på nokre av gudstenestene.
I tillegg vert det arrangert fleire dåpsgudstenester i avtale med dåpsfølget.

I august og september vert det arrangert konfirmasjonsgudstenester, sjå oversikt på s. 8 og 9.
Desse gudstenestane er reservert konfirmantane og deira familie og gjestar.

Følg med på nettsidene: www.kyrkja.no/oxygen

Fjell kyrkje

Døyppte

14.03.2021

Mali Ottesen Tellnes
Nora Foldnes
Julian Håkonsund Neverdal

28.03.2021

Lilly Heen Mundal
Sander Andresen

04.04.2021

Noah Rutle Dimmestøl

18.04.2021

Kristina Straume
Nikolai Kvammen Spjeld

24.04.2021

Håkon Sandal Lie

02.05.2021

Isabel Grimstad Sekkingstad
Karoline Trones
Tiril Sofie Lie

08.05.2021

Sander Hagenes Kallestad
Adam Magnus Moore
Olea Østerbø
Noel Hustig-Johnson
Slye Elias Johnson
Elias Onstad Sangolt

Vigde

13.03.2021

Anne-Linn Ormevik og
Jostein Hammersland

Døde

Kåre Lervik	f. 1950
Birger Ingvald Snekkevik	f. 1929
Magne Norvald Kallestad	f. 1932
Oddbjørn Sørhus	f. 1980
Kirsten Alfrida Knapskog	f. 1936
Arne Leif Algrøy	f. 1938
Hildegunn Kaltvedt	f. 1974

Foldnes kyrkje

Døyppte

14.03.2021

Emmeli Victoria Nedrebø

21.03.2021

Emilie Rufus
Silas Snarberg Skjoldal

04.04.2021

Adrian Nathan Abrahamsen

24.04.2021

Leana Nøttveit Sævareid
Leonora Romøren-Trones
Markus Emil Hjortland
Varg Lyngøy Nygaard
Elvira Luciana Gjerdåker
Jan Ludwik Zagodzinski
Lennox Teige Finsås

08.05.2021

Emilian Andersen Waagen
Sunniva Kravdal

09.05.21

Lydia Skumsnes Sæle

Døde

Einar Johan Edvardson Lokøy	f. 1923
Per Morten Sandø	f. 1943
Else Margrethe Solheim	f. 1941
Johannessen	f. 1941
Liam Habtamu Lid Drotningvik	f. 1999
Anne Marie Skorpen	f. 1947
Arvid Forland	f. 1962

Landro kyrkje

Døyppte

14.03.2021

Ylva Holte Helle
Emilie Rathe Stefferud

28.03.2021

Jørgine-Josefine Skjold Johansen

11.04.2021

Leon Bødtker Atterås

25.04.2021

Amalie Heimark

02.05.2021

Leander Larsen Landro

09.05.2021

Ivar Strandskog Andreassen
Ada Emilie Talge Algrøy
Alfa Marthinussen

Døde

Kjell Arne Kristoffersen	f. 1941
Alfred Magne Solsvik	f. 1932
Helge Kaspersen	f. 1944
Kirsten Torbjørg Solsvik	f. 1938
Håvard Ove Sæle	f. 1944
Inger Marie Lauvik Nystad	f. 1948
Rannveig Tornøe	f. 1941
Werner Martinussen	f. 1954

Vår Herre Jesus Kristus seier "Eg er oppstoda og livet.
Den som trur på meg, skal leve om han så dør. Og
kvar den som trur på meg, skal i all æve ikkje døy."

Joh. 11. 25-26

TRENG DU NOKON Å
SNAKKE MED?

Nokre som ringer tenkjer på å ta sitt eige
liv, andre er usikre, einsame eller redde.
Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no

SOS
22 40 00 40

SOS
MELDING

SOS
CHAT

KIRKENS
SOS

Sotra Omegn
BEGRAVELSESBYRÅ
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravningsbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet
Skjenet 2, 5353 Straume
(samme hus som Vest-Nytt 2. etg.)

Fjell-ly **Leirstedet til IMF Midthordland**

- Leir - Ungdomsklubb - Catering - Bowling - Kurslokaler - Overnatting - Selskapslokaler til små og store anledninger - Bursdagsarrangement

Tlf. 56 31 04 40

Fjell-ly leirsted
Møvikvn.193, 5357 FJELL. www.fjell-ly.no

Φ HÆDER **SOLSTRANDS BEGRAVELSESBYRÅ**

Vårt avdelingskontor på Sotra
Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume
Telefon 55 55 16 16 - hele døgnet
www.solstrands.no
Vår erfaring - din trygghet **VIRKE GRAVFERD**

Din lokale elektriker!

Vestgar Elektro

Møllestykket 21
5360 Kolltveit
Tlf. 400 30 210
post@vestgarelektro.no
www.vestgarelektro.no

BYGGESELSKAPET A/S

5357 FJELL
Tlf. 56 33 09 60 – Mob. 905 70 203
Fax. 56 32 08 75

Bjørgvin **Døgnvakt 55 20 23 00**
BEGRAVELSESBYRÅ www.bjorgvin-b.no
Seremoni etter pårørendes ønsker, med omtanke og verdighet.

Bergen Omegn
BEGRAVELSESHJELP
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv

Knut Helge Polden
Espen Polden
Heine Polden
Cathrine Polden Misje

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700
www.bergenogomegn.no

AVD. BERGEN
Teatergt. 20
5010 Bergen
Tlf: 55 21 44 50

AVD. SOTRA
2.etg på Shellstasjonen
Sartor, 5353 Straume
Tlf: 55 21 44 50

Godfoten
FOTTERAPI

Velkommen til oss på Rong senter
Timebestilling på mob nr 94023865 eller på www.godfoten-as.no Vi har gavekort!

vøpps **Takk for di gåve!**

Øygarden kyrkjelege fellesråd: 82511
Basecamp RePro: 76162
Fjell kyrkje: 80304

Foldnes kyrkje: 76022
Landro kyrkje: 96889
Merk meldingen med føremål og dato

Annonse her?

Ta kontakt med oss på mail ys487@kyrkja.no for å få prisforslag!

Kontaktinfo

Soknerådsleiarane

Fjell sokneråd:
Jorunn Småbrekke Gjersvik
jorunn.gjersvik@bkkfiber.no

Foldnes sokneråd:
Per Helge Refvik
perhelgerefvik@msn.com

Landro sokneråd:
Tove Karin Lyngsmo Angelveit
tove.karin@outlook.com

Sjelesorg og samtale

Vi har alle teieplikt, så det som vert fortald oss kjem ikkje vidare. Du må difor med frimod ta kontakt med ein av oss:

Prost Jan Tommy Fosse	924 63 278
Sokneprest Bjarte Nese	915 32 437
Sokneprest Maria Tveten	450 63 016
Sokneprest Morten Torsvik	909 37 169
Prostiprest Knut Kaldestad	977 24 017
Diakon Astrid Fylling	971 75 733

Får du ikkje Fjell kyrkjeblad?

Dersom du, eller nokon du kjenner, ikkje får Fjell kyrkjeblad i postkassen, er det viktig at vi får beskjed om dette slik at vi får retta opp i feilen.

Ta kontakt på telefon **400 03 316** eller post.oygarden@kyrkja.no ved manglande levering.

Innleveringsfrist

for annonsar, artiklar og kunngjeringar til neste nummer av Fjell kyrkjeblad:

31. august

Opplev vår, vind og velsigning i sommar

Sommaren 2021 satsar kyrkjelydane langs kystpilegrimsleia på arrangement i friluft. Då blir det plass til mange.

KYSTPILEGRIMSLEIA **Meir himmel på fjord**

ei
Microsoft Teams møte, Sandsli...
Laurdag 1. mai 13:30

snor
Microsoft Teams møte, Sandsli...
Laurdag 1. mai 14:00

...
Microsoft Teams møte, Sandsli...
Laurdag 1. mai 14:30

Friluftsgudsteneste
Dagsturhytta/Sarøfjordhytta
Søndag 27. jun 16:00

Kystkultur.no

I ei samla satsing frå pinse til september, som perler på ei snor, vil dei tilby møteplassar for folk langs leia i Bjørgvin bispedøme og Vestland fylke.

Mellom arrangementa er friluftsgudstenester, pilegrimsvandringar og «sjø-vegs-kyrkjereis». Arrangementa vil vere tilpassa trygt og godt smittevern. Dei lokale kyrkjelydane samarbeider med

lokale lag og organisasjonar. Sjå gjerne heimesida www.kystkultur.no for å finne alle arrangementa under vignetten «Meir himmel på fjord». Det vil vere arrangement på dei fleste av nøkkelstadane langs kystpilegrimsleia i vårt fylke: Selja, Kinn, Svanøy, Gulatinget, Kvernsteinsparken i Hyllestad, Lygra, Seim, Bergen, Lysekloster, Halsnøy og Moster.



Babysong

Til hausten er det planar om jamlege babysongsamlingar i alle dei tre kyrkjene våre:

Fjell kyrkje: Kvar måndag

Landro kyrkje: Kvar onsdag


Foldnes kyrkje: annakvar måndag (partallsveker)

Følg med på facebooksidene til "Øygarden KFUK/KFUM åpen barnehage" og "T-dagen" for meir info om klokkeslett og påmelding.

Velkommen!



Barne- kryssord



Vannrett:

1. ikke eg
3. fugl
5. kjæledyr
6. i orden
8. Anna Nilsen
9. jentenavn
10. jentenavn
11. Lars Svendsen
12. lever
13. ikke fattig
15. storfe

Loddrett:

1. naboland
2. norsk dal
3. gammel skrift
4. fra Norge
5. henger bak
7. bilmerke
14. fryse

**Bli med i trekninga
av hamburger med
drikke og dessert for
4 personar på Burger
King Sartor!**



Send inn kryssord til:
Øygarden kyrkjekontor
Tytebærbrekko 2
5353 Straume
Merk konvolutt: Kryssord
Frist: 31. august


**Vinnar av Barnekryssord
i nr. 2 – 2021:**
Hedda Stahl Galteland
frå Kolltveit

Namn.....

Adresse.....

.....

Returadresse:
Øygarden kyrkjekontor
Tytebærbrekko 2
5353 Straume



Dåp

Ein god start på livet

Vi inviterer til dåp! Gjennom dåpen blir vi ein del av kyrkja, eit fellesskap som strekkjer seg over heile verda.

Dåp skjer vanlegvis i ei vanleg søndagsgudsteneste, eller i ei eiga dåpsgudsteneste.

For informasjon og påmelding
til dåp og dåpskurs gå inn på
kyrkja.no/oygarden/dap



DEN NORSKE KYRKJA
Øygarden kyrkjelege fellestråd